

## Månadsbrev mars 2026

Februar blei ein grei arbeidsmånad, og 10. klasse har søkt på vidaregåande skule. Dei var på yrkesmesse på Dalane vgs., heile ungdomsskulen såg det sterke stykket "Jeg er en Hedde" på Tonstad. I tillegg var heile skulen på Den store skulekinodagen og Tonstadbadet, og me har hatt bad hair day og Abeldag før vinterferien! Det blei nokre fine dagar!



Mars er allereie i gang, og i tillegg til fag vert det ein del ski. Friluftsgruppa planlegg overnattingstur onsdag til torsdag i veke 11, truleg til Kvinen. Me satsar på godt føre og fint vær! Det same gjer me for mellomtrinnet som skal til Tjørhom på aktivitetssdag saman med Tonstad 11. mars, og fredag før påske blir det som vanleg alpindag. 9.-klassingane skal på hospitering 18. mars, og på arbeidslivstrening 19.-20. 18. mars er det òg SU-møte.

"Det er ditt liv, ditt språk og du er det viktigste i din poesi. Du har noe å fortelle verden som bare du kan si på din måte, for det er tross alt poeten som definerer poesien og ikke poesien som definerer poeten." Meiner poesibekjent og lyriker Ted M. Granlund. Han formidlar poesi og får elevane til å skriva sjølv. Poesibilen er eit litterært stunt, diktformidling og intensivt



skrivekurs i eitt, og besøker ungdomsskulen 24. mars. To dagar etter får 1.-4. klasse besøk av Hilde Eskild som er forfattar og fortelljar. Saman med havforskar Tone Falkenhaug har ho skriva boka "Havdyrenes hemmeligheter – Fantastiske fakta fra havets dyp" (Gaveca Forlag). Havet er fullt av overraskingar, og Hilde Eskild les og fortel om dyra i havet og alt dei har å gjera.

Og så var det allereie påske med start av sommartid på palmesundag!

Litt om april som startar med planleggingsdag og Flekkefjordskonferansen 7. april, medan elevane byrjar 8. april. Torsdag 23. april har SU invitert Hildegunn Fandrem frå UiS og Nasjonalt senter for læringsmiljø og atferdsforskning. Ho vil snakka om "Mobbing og spesielt digital mobbing", så set av dagen allereie nå!

Sinnes 02.03.26, Åse-Berit Fidjeland

